Balestrand kommune

Sluttrapport

Tettstadforming - Stadanalyse for Balestrand sentrum



Balestrand 13.01.2013

Balestrand
inspirerer deg

Status for tiltaket

Tiltaket er gjennomført. Det er utarbeida ein samla rapport frå arbeidet.

Styringsgruppa var sett saman av representantar frå Balestrand kommune, Statens vegvesen, Nasjonal turistveg, Sogn og Fjordane fylkeskommune og lokale representantar frå næringsliv ungdom og ressurspersonar. Gruppa hadde i alt 7 møte. Landskapsarkitektkontoret Feste Grenland AS var engasjert for å bistå med landskapsarkitekt og arkitektkompetanse. Geir Hjetland var engasjert for å gje råd om utsmykking og innpassing av kunst i sentrumsbiletet.

Etter at utkast var utarbeidd vart det gjennomført opne møte og ein høyringsprosess, før det samla plandokumentet vart vedteke politisk.



Plandokument



Planskisse frå overordna analyse

Analysen har ein overordna vurdering av sentrum med vegstrukturar, gangvegar, siktliner, plassar og rom. Område med potensiale for forbetring av det fysiske miljøet ut frå både estetetiske og funksjonelle omsyn er kartlagt.

Analysen har også ein relativt konkret og handlingsretta skildring av delprosjekt for område som er foreslegne oppgradert. Det er sett nærare på i alt 15 delprosjekt.